

Mobilt snadder for søskenbarn og brudepar

11.07.2009



Feira bryllup på Dønhaug: Kristine Sørensen og Jan Evald Sørensen Såtendal. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det rullande kjøkenet Mobilt Snadder hadde sin debut på Dønhaug Gjestegard laurdag kveld og det var etter kva vi forstår ein svært vellukka operasjon.**

- Eit kjekt oppdrag, sa Beate Hannisdal.
- Det fristar til nye slike opplegg, sa Magne Huglen.



Dei hadde søskenbarntreff på Dønhaug og her er alle søskenbarna. Frå venstre foran sit Mona Myklebust, Tone Helle, Kari Anne Halvorsen, Kjell Yri, Helga Hivand, Randi Mackay, Gunn Krokeide og Lill Skaadel. Bak står frå venstre Ørnulf Myklebust, Grete Auestad, Liv Karin Skjoldal, Ove Myklebust, Tor Erik Eide, Åse Myklebust Neset, Oddlaug Yri Jørgensen og Lasse Yri. (Foto: Ola Matti Mathisen).

At det var eit dobbeltarrangement avvikla samstundes gjorde opplegget ekstra spennande: I låven var det bryllup med Kristine Sørensen frå Bergen og Jan Evald Sørensen Såtendal i hovudrollane. Der var det 78 gjester som vart servert tre rettar.

I Dønhaugkjedlaren var det søskenbarntreff for 35 som også fekk tre rettar.



Per Ivar og Beate i Mobilt Snadder hadde det styggtravelt. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dette betyr at Beate Hannisdal og Per Ivar Ingebrigtsen denne kvelden hadde så mange som 113 gjester.

- Men det er ikkje spesielt mange. Eg har kapasitet til å servera langt fleire. 200 kan eg i alle fall klare, men antalet er sjølv sagt avhengig av opplegget ellers, sa Beate som i likhet med Per Ivar hadde det styggtravelt.
- Har Mobilt Snadder vore ein vellukka satsing, fekk uskedalen.no spurd mellom slaga.
- Absolutt, men det krev mykje arbeid, var svaret.

Beate la til: - Det er ikkje så ofte eg tar slike oppdrag som dette, det går mest i messer og festivalar slik meininga har vore frå starten.

Men det er fint å få igang eit samspel med Dønhaug, ikkje minst på grunn av den spesielle atmosfæren her.  
Eg held gjerne fram med eit samarbeid med Magne.

Av Ola Matti Mathisen